



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rasmus Johan Ekroll Arkivsaknr: 2013/22-15/2013
Arkiv: Q32

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
2/13	Formannskapet	15.01.2013

Saka gjeld:

**SANDE FASTLANDSSAMBAND AS
OPPSTART AV ARBEID MED KOMMUNEDELPLAN OG FRAMLEGG TIL
PLANPROGRAM**

Tilråding:

I medhald av § 11-12 i Plan og bygningslova vedtek Sande formannskap at det kan oppstartast arbeid med utarbeiding av kommunedelplan for etablering av vegsamband Åram-Voksa-Kvamsøy .

I medhald av § 11-13 i Plan og bygningslova vedtek Sande formannskap å legge framlegg til planprogram for kommunedelplan for tiltaket ut til offentlig ettersyn med justert framdriftsplan.

Formannskapet føreset at revisjon av planprogram etter høyringsrunden og utarbeiding av konsekvensutgreiing og kommunedelplanar for fastlandssambandet vert fullt ut dekt av Sande Fastlandssamband AS. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om dette.

Handsaming i Formannskapet :

- Helge Støylen og ordføraren gjekk frå som ugilde då dei er varamedlemm og medlem i styret i Sande Fastlandssamband AS. **5 røysteføre.**
- Kristin Grande vart samr. vald til setteordførar i saka.

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

I medhald av § 11-12 i Plan og bygningslova vedtek Sande formannskap at det kan oppstartast arbeid med utarbeiding av kommunedelplan for etablering av vegsamband Åram-Voksa-Kvamsøy .

I medhald av § 11-13 i Plan og bygningslova vedtek Sande formannskap å legge framlegg til planprogram for kommunedelplan for tiltaket ut til offentlig ettersyn med justert framdriftsplan.

Formannskapet føreset at revisjon av planprogram etter høyringsrunden og utarbeiding av konsekvensutgreiing og kommunedelplanar for fastlandssambandet vert fullt ut dekt av Sande Fastlandssamband AS. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om dette.

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 17. januar 2013



Tove Cathrine Kvamme

konsulent

Særutskrift: Sande Fastlandssamband AS

Høyringsinstansar

Grunneigarar

Vedlegg:

1. Framlegg til Planprogram dat.29.10.2012
2. Oversiktkart
3. Kart med Alt.1,1a,1b
4. Kart med Alt.2,2a,2b

Saksopplysningar:

På oppdrag frå Sande Fastlandssamband AS har Nordplan AS utarbeidd framlegg til planprogram for utarbeiding av Kommunedelplan og konsekvensutgreiing for etablering av vegsamband Åram-Voksa-Kvamsøy.

Planprogrammet skal utleggast til offentleg ettersyn i min.6 veker og skal sendast til aktuelle høyringsinstansar og grunneigarar til uttale i samsvar med § 11-13 i Plan og bygningslova. Etter høyringsrunden skal endeleg planprogram skal fastsettast av Kommunestyret.

Det vert lagt opp til tilskipping av informasjons-og folkemøte saman med Vanylven kommune i høyringsperioden, med nærare orientering og informasjon om planprogramm for tiltaket.

Planarbeidet er utført i privat regi og må innarbeidast i Kommuneplanen.

Kommunedelplanen vil omfatte sjølve vegsambandet med tilliggande areal til veggføremål og anleggsbelte på Åram ,Voksa og på Kvamsøya.

Likelydande vedtak om oppstart av planarbeid må gjerast i Vanylven kommune.Kvar av kommunane syter for nødvendig varsling og kunngjering.

Ein føreset at Sande Fastlandssamband AS tek kostnadane med vidare arbeid etter høyringa.

Av planprogrammet går det fram at fastlandssambandet skal utgreiast i 2 alternativ:

Alternativ 1: VOKSATUNELLEN.Tunnel frå Åram til Voksa kombinert med fyllingar og bru til Kvamsøy

Alternativ 2: KVAMSØYTUNELLEN.Tunell frå Åram til Kvamsøy med undersjøisk kryss og tunell til Voksa.

I planane inngår det 2 alternative tunellinnslag på Åram og 2 alternative tunellinnslag på Voksa som skal nærare vurderast.Dei alternative tunellinnslaga er like for begge hovudalternativa.Nærare detaljar for dei ulike alternativa går fram av vedlegg til saka.

Ein føreset at skissert framdriftsplan i pkt.2.5 vert justert før utlegging til offentleg ettersyn, og at kostnadane med utarbeiding av konsekvensutgreiing og kommunedelplanar for tiltaket vert dekt av Sande fastlandssamband AS.

Vurdering og konklusjon:

Etter plan og bygningslova er det kommunen som har ansvaret for kommunedelplanar, og som skal bere kostnadane med gjennomføring av arbeidet med planprogram og konsekvensutgreiing. Kommunen har på noverande tidspunkt ikkje resursar til dette og ein føreset difor at Sande fastlandssamband AS tek kostnadane med vidare arbeid etterhøyringa, utarbeiding av konsekvensutgreiing og kommunedelplanar for tiltaket. Rådmannen bør få fullmakt til å inngå avtale om dette.

Planprosessen vil uansett medføre vesentleg arbeid for kommunen med lovfesta sakshandsaming av planprosessen, framskaffing av grunnlagsopplysningar og møteverksemd. Denne prosessen vil måtte gå parallellt med igongsett rullering av arealdelen til kommuneplanen som er tenkt fullført i løpet av 2013.

Ved Teknisk eining rår ein til at varsel om oppstart av kommunedelplan med høyring av planprogram vert godkjendt slik det går fram av framlegg til vedtak.

Larsnes, 03.01.2013

Asbjørn Moltudal
rådmann

Rasmus Johan Ekroll
Ingeniør